



DEN NORSKE KYRKJA  
Bømlo Sokneråd

## Møtereferat

### Bømlo Sokneråd

<b>Sted:</b>	Bømlo kyrkje	<b>Dato:</b> 16.09.20
<b>Fremmøtte:</b>	Trygve Totland, Elin Vold, Øystein Skullerud, Fríðleif Lydersen, Gorm Eidesvik, Rolf Magne Skippervik og Dagnor Engenes, Nancy Helen Olsen	
<b>Referent:</b>	Nancy Helen Olsen	

Dagens ord vart halde av Trygve

### Saksliste:

**Sak 41 - 51 - 2020 - Godkjenning av saksliste og innkalling.**

Innkalling og saksliste godkjent

**Sak 42 - 52 - 2020 - Godkjenning av referat.**

Referat godkjent.

**Sak 43 - 53 - 2020 - Den lokale liturgiske grunnordninga**

Alle menigheter skal fastsetje ein justert lokal gudstjenesteordning. Det er laga eit forslag som kan nyttast i vårt sokn men som inneheld ulike valg/ forslag me i soknerådet må ta stilling til. Bl.a ulike versjonar av Kyrie Eleison, Hallelujaverset osv. Me les gjennom forslaget og stiller meir forberedt til neste soknerådsmøte. Då satsar me på å ha klart vedtak om lokal grunnordning til soknemøte der dette skal leggjast fram. Fridleif høyrer med Trygve Leigland om å utsetje soknemøte.

Punkt 15 - Takkeoffer: her må det tilføyast vipps

Konfirmantane - kan dei inkluderast i gudstjenesta. Som tekstlesar, kyrkjevert osv.

**Sak 44 - 54 - 2020 - Endring av styresammensetning i soknerådet**

Einar Eidesvik trekk seg som kasserar. Elin Vold tek på seg vervet ut året 2020. Tar opp saka etter nyttår.

**Sak 45 - 55 - 2020 - Kyrkjevertar- skal det vera to pga smittevern**

Det skal vera to tilstades når det foregår noko i kyrkja. Den eine skal vere smittevernansvarleg. Nokre av soknerådsmedlemmene frå sist periode er villige til å stilla. Elin lagar ny liste.

### **Sak 46 - 56 - 2020 - Prostdag 15.10.20**

Prostdagen vert halde i Nysæter kyrkje. Påmeldingsfristen er 09.10.20. Ein kan melda på til Elin dersom ein ynskjer å delta.

Frivillighetsprisen - har me ein kandidat kan det tas opp på neste møte

### **Sak 47- 57 - 2020 - Eventuelt**

Søndag 27.09 vert det songkveld kl 19.

Bjarte Ådland og Vebjørn Sæter held konsert i kyrkja 08.11. Det vert ikkje selt billettar men kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid

Det er bestemt at det skal ryddast i kyrkja. Foreløpig dugnadsdato er satt til 24.09 kl 18.

Me samlar saman i hengar og håpar nokon har mulighet å få kjørt det til SIM.

Arbeidet som skal gjerast i kyrkja er no godkjent i Fellesrådet og vidarendt til biskopen. Neste steg er å venta på utspel derfrå før ein kan setje igong.

**Neste møte vert halde 22.10.20 kl 18.00**